



Arkivsaknr: 2025/4599-1
Sakshandsamar: Eileen Marie Feste
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Klagesak - avslag på søknad om driftstilskot kor og korps - UL Framsteg - Strilongane

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Utval for næring, kultur og idrett		
------------------------------------	--	--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett tek klage frå UL Framsteg til følgje. Det vert løyvd kr 5 552 i tilskot til Strilongane.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett

Saka gjeld

U.L. Framsteg søkte om driftstilskot til *andre kulturorganisasjonar* med frist 01.12.2024. Søknad gjaldt drift av hovudlaget. I tillegg vart det sendt søknad om driftstilskot til kor og korps for barnekoret Strilongane, også det med søknadsfrist 01.12.2024

I retningsline for tilskotsordningar går det fram av vurderingskriterium pkt 1.4.5 *Tilskot vert berre gjeve til hovudlag/sentralt styre, dersom søkjarorganisasjonen har undergrupper.*

Likevel er det unntak frå dette prinsippet når det gjeld barnekor, då desse oftast har tilhøyrse til ulike moderorganisasjonar, og Alver kommune ønskjer å støtte barnekoraktiviteten. Klagen gjeld søknaden om driftstilskot til kor og korps.

Saksopplysningar

Vurdering

I sakshandsaminga er det gjort ein teknisk feil, der spesifisert medlemsbudsjett ikkje har komme fram.

Søkjar har levert naudsynt informasjon, og det vert tilrådd at ein yter tilskot til UL Framsteg/Strilongane. I utgangspunktet skal det ystast kr 750 per medlem, 32 i talet, totalt kr 24 000. Søkjar viser budsjetterte utgifter på kr 24 103 og inntekter kr 13 000. Netto utgift er slik kr 11103. I tillegg viser søkjar eigeninnsats av verdi kr 241 500, etter timesats i tråd med retningslinene. Ordninga yter likevel ikkje tilskot for å dekke eigeninnsats/dugnad, og eigeninnsatsen vert derfor ikkje rekna med i tilskotsberekninga.

Då ein ikkje yt tilskot over 50% av utgiftene, må eit tilskot avkortast til 50% av netto budsjettert utgift på kr 11103.

Kommunedirektøren si tilråding

Utval for næring, kultur og idrett tek klage frå UL Framsteg om tilskot til Strilongane til følgje, og yter kr 5552 i tilskot.

Vedlegg

- 1 Vedtak om driftstilskot til andre kulturorganisasjonar - søknadsfrist 01.12.2024
- 2 brev ul framsteg
- 3 Retningsline tilskot